

# Årsmelding 2009

## Sylvette Filmklubb

### Innleiing

Året 2009 omfattar Sylvette Filmklubbs femte og sjette semester som Larviks filmklubb. I løpet av året bytta vi lokale og visningstidspunkt for tredje gong sidan starten.

### Styremøte

Sidan sist årsmøte har styret hatt 19 møte og handsama 146 saker, det store fleirtalet av dei gjengangarar.

### Filmframsyningar

Våren 2009 hadde vi 16 framsyningar, hausten 18. Samtlege framsyningar om våren og dei fem første om hausten gjekk føre seg på loftet i Munken. Frå og med 12 oktober har vi hatt framsyningane i sal 1 i Bølgen.

### Samarbeid og besøk

I november kvart år går litteraturveka i Vestfold føre seg. I 2009 tok litteraturveka kontakt for å få til eit samarbeid, dette resulterte i framsyning av filmene Elling (2), Sult (3) og Markens grøde (4 november) den aktuelle veka. Litteraturveka skaffa innleiarar til dei to første filmene (Ingvar Ambjørnsen og Arne Engelstad), og Bølgen betalte filmleiga for dei to siste. Klubben hadde óg besøk av filmskaparen Karoline Frogner (7 desember) og filologen Øystein Tvede (21 desember)

### Landsmøte

Knut Sigurd Senumstad representerte klubben på NFK sitt landsmøte i oktober. I samband med møtet hadde han tent som varamann i valkomiteen. I løpet av møtet vart han vidare vald inn i same komite.

### Andre klubbar

Klubben har uformell kontakt med klubbane i Horten, Porsgrunn og på Tjøme. To styremedlemmar frå Sylvette har oppsøkt ei framsyning i Horten Filmklubb.

### Sylvette i Media

Ved baa semestras start har vi hatt oppslag i ØP. Sidan hausten har vi óg vore omtalt i større saker om lag ein gong i månaden.